



# Statlig program for forurensningsovervåking

RAPPORT NR 275/87

Oppdragsgiver

Statens forurensningstilsyn

Deltakende institusjoner

NILU



Bot. inst., AVH, UNIT

## BASISUNDERSØKELSE AV LUFTKVALITETEN I DRAMMEN 1984-1986

---

DELRAPPORT A  
LAVVEGETASJON  
PÅ BJØRK

---



NORSK INSTITUTT FOR LUFTFORSKNING

Postboks 64 - 2001 Lillestrøm

NILU OR : 45/87  
REFERANSE: O-8342  
DATO : SEPTEMBER 1987  
ISBN : 82-7247-836-6

BASISUNDERSØKELSE AV LUFTKVALITETEN  
I DRAMMEN 1984-1986

DELRAPPORT A  
Lavvegetasjon på bjørk

Inga Elise Bruteig

Utført etter oppdrag fra  
statens forurensningstilsyn

Botanisk institutt  
Den allmennvitenskapelege høgskolen  
Universitetet i Trondheim  
7055 DRAGVOLL

## FØREORD

Etter oppdrag frå Statens forureiningstilsyn (SFT) har Norsk institutt for luftforskning (NILU) gjennomført ei basisundersøking av luftkvaliteten i Drammen i perioden 1984-1986, som ein del av Statleg program for forureiningsovervaking. Undersøkinga er hovudsakleg finansiert av SFT, med mindre bidrag frå NILU og Drammen kommune.

Denne delrapporten presenterer resultatata frå ei kartlegging av lavvegetasjon på bjørk i Drammensområdet. Målet var å undersøke om ein fann skadar på lav som følge av luftforureiningar. Kartlegginga er gjennomført av cand. real. Inga Elise Bruteig ved Botanisk institutt, Den allmennvitskaplege høgskolen, Universitetet i Trondheim.

Rapportane på lista under presenterer resultatata frå basisundersøkinga i Drammen. Desse kan ein få ved å vende seg til NILU eller til SFT. Rapportane frå Statens Institutt For Folkehelse (SIFF) og Transportøkonomisk institutt (TØI) kan ein også få ved å vende seg til desse institutta.

### Rapportliste

Hovedrapport.	SFT-rapport	272/87
	NILU-rapport OR	51/87
Delrapport A Lavvegetasjon på bjørk.	SFT-rapport	275/87
	NILU-rapport OR	45/87
Delrapport B Meteorologi og luftkvalitet.	SFT-rapport	276/87
	NILU-rapport OR	46/87
Delrapport C Utslippsdata.	SFT-rapport	277/87
	NILU-rapport OR	47/87
Delrapport D Spredningsberegninger.	SFT-rapport	278/87
	NILU-rapport OR	48/87

Delrapport E	Sporstoffundersøkelser.	SFT-rapport	279/87
		NILU-rapport OR	49/87
Delrapport F	Eksponeringsberegninger og korrosjon.	SFT-rapport	280/87
		NILU-rapport OR	50/87
Delrapport G	Helsevirkninger av luftforurensninger.	SFT-rapport	281/87
		SIFF/TOKS-rapport	01/87
Framdriftsrapport nr. 1.	Pr. 1. oktober 1985.	SFT-rapport	213/86
		NILU-rapport OR	5/86
Framdriftsrapport nr. 2.	Pr. 1. august 1986.	SFT-rapport	244/86
		NILU-rapport OR	70/86
Virkninger av luftforurensning på folks dagligliv, helse og trivsel. Resultater fra en intervjuundersøkelse i Drammen.		TØI-rapport	1987
Innsamling av utslippsdata til basisundersøkelsen i Drammen.		NILU-rapport OR	20/85
Plan for basisundersøkelse i Drammen 1984-1986.		NILU-rapport OR	78/85

## SAMANDRAG MED KONKLUSJONAR

Denne delrapporten presenterer resultatene frå ei kartlegging av lavvegetasjonen i Drammensområdet. Kartlegginga er gjort for å sjå om det finst skadar på lavvegetasjonen som kan skuldast luftforureining.

Feltarbeidet er gjort sommaren 1985 og omfattar i alt 19 lokalitetar i området Lier-Drammen-Mjøndalen. Lokalitetane er valt ut systematisk langs tre linjer tvers av Drammensdalføret, med nokre tilleggslokalitetar.

Det viser seg å vere store forskjellar i lavvegetasjonen. I dei sentrale strøka og i dalbotnen er det gjennomgåande færre artar enn i dalsidene på begge sider. Endå tydelegare er det at mengden, dvs. den prosentvise lavdekninga på stammen, minkar når ein nærmar seg byen og dalbotnen. Det er eit særleg tydeleg skilje mellom 100 og 300 m o.h., noko som stemmer godt med observasjonane av eit inversjonslokk på ca. 150 m o.h. Under dette "lokket" er lavvegetasjonen tydeleg redusert som følge av luftforureiningar.

Eit par artar, Lecidea scalaris og Lecanora conizaeoides, viser likevel den motsette tendensen, og aukar i mengde på dei sentrale lokalitetane. Dette er forureiningstolerante skorpelavartar, som tener på den minka konkurransen frå andre artar.

Det er ingen teikn til at pH i bjørkeborken har vorte lågare pga. forsureining. Tvert imot viser analysane forhøga pH-verdiar i landbruksområda nord og sør for byen, samt på ein lokalitet i Drammen sentrum. Truleg har støv og gjødsling ført til ein pH-auke.

Vitaliteten til undersøkingstrea er også notert, men det vart ikkje påvist skadar på sjølve bjørka som skuldast luftforureining.



## INNHALD

	Side
FØREORD .....	1
SAMANDRAG MED KONKLUSJONAR .....	3
1 INNLEIING .....	7
2 METODE .....	8
2.1 Feltarbeid .....	8
2.1.1 Val av lokalitetar .....	8
2.1.2 Undersøkingemetode .....	10
2.2 Artsbestemming .....	12
2.3 Databehandling .....	12
2.4 pH-analysar .....	13
2.5 Treas vitalitet .....	13
3 RESULTAT OG DISKUSJON .....	14
3.1 Lavvegetasjon .....	14
3.2 pH i bork .....	24
3.3 Treas vitalitet .....	24
4 REFERANSELISTE .....	25
VEDLEGG A: Vegetasjonstabell .....	27
VEDLEGG B: TABORD-klassifisering av lokalitetane .....	49
VEDLEGG C: TABORD-klassifisering av trea .....	53
VEDLEGG D: DCA-ordinasjon av artar og lokalitetar .....	63
VEDLEGG E: Norske namn på lavartane nemnt i rapporten .....	69





## 1 INNLEIING

Ei rekkje lavartar er svært sensitive for luftforureining. Dei kan bli misfarga, vekse dårleg eller døy heilt ut i forureina område. Så godt som alle større europeiske byar har såleis ein sentral "lavørken" som følgje av luftforureining (Ferry et al. 1973, Skye 1968 m.fl.).

Effekten kan vere endå større rundt industriområde med smelteverk o.l. Her vil klare skadeverknader kunne observerast etter berre få års drift (Westman 1982).

Årsaken til at lav er særleg utsett for forureiningar, ligg mellom anna i at lav ikkje har noko rotsystem, og difor er avhengig av vatn og næringsemne som blir tilført med vind og nedbør. Ulike tungmetall vil t.d. kunne akkumulerast i laven, og konsentrasjonane kan stige til det mangedoble av det ein finn i ikkje-forureina område.

Det har vist seg at høgt svoveldioksidinnhald i lufta er viktigaste årsaken til at lavartar døyr ut og forsvinn frå område. Men også fluor, tungmetall, støv og andre forureiningar vil påverke laven (Ferry et al. 1973).

Ulike artar har ulik sensitivitet overfor luftforureiningane. Dette gjer at ein kan bruke artssamansetjinga i eit område som mål på luftkvaliteten på staden. Ein må sjølvst ÷ også ta omsyn til at andre miljøfaktorar påverkar lavvegetasjonen, så som underlag, lys, vind, temperatur og luftfukt.

I forureiningsundersøkingar er det mest vanleg å studere epifyttvegetasjonen, dvs. artar som veks på t.d. trestammar. Så også i denne kartlegginga, og her er bjørk valt som treslag. Dette fordi bjørk er eit av dei vanlegaste treslaga i Drammens-området, og fordi ein finn bjørkebestand både i sjølve byen (parkar og alléar), oppover langs dalen, og i skogsområda på begge sider.

## 2 METODE

### 2.1 FELTARBEID

Feltarbeidet vart gjort sommaren 1985 (juni-juli).

#### 2.1.1 Val av lokalitetar


15 lokalitetar vart valt ut systematisk etter følgjande metode:

Det vart lagt tre "linjer" på tvers av dalen, i N-S retning: Ei linje gjennom Drammen sentrum (UTM NM 68), ei gjennom Mjøndalen sentrum (UTM NM 57) og ei linje midt mellom desse (UTM NM 63). Linjene vart valt slik at det skulle vere god sjanse for å finne bjørkebestand langs dei.

Langs linja vart det merkt av 5 ideelle punkt: På 300 m o.h. og 100 m o.h. på N-sida av dalen, i dalbotnen og på 100 m o.h. og 300 m o.h. på S-sida av dalen. Det bjørkebestandet med minst 20 større tre som låg nærast kvart slikt punkt, vart tatt som lokalitet.

I tillegg vart det tatt med fire lokalitetar for å komplettere bildet: 2 nord-aust for Drammen og 2 sør-aust for sentrum.

Lokalitetane er presentert i figur 1 og tabell 1.



Figur 1. Kart som viser plasseringa av lokalitetane i undersøkingsområdet.

Tabell 1: Oversyn over dei undersøkte lokalitetane, med UTM-referanse og høgde over havet (avrunda til næraste 10-m).

	LOKALITET	UTM	h.o.h.
1	LAMPETJERN	NM 571 276	350 m
2	KROGSTADELVA	NM 569 259	130 m
3	BJØRKELUND	NM 568 248	0 m
4	ÅSEN	NM 569 231	100 m
5	GRYTJØNNA	NM 571 209	290 m
6	KJØSTERUDGJUVET	NM 632 267	300 m
7	ARONSLØKKA	NM 632 258	100 m
8	PÅLSØYA	NM 635 243	0 m
9	PUKERUD	NM 633 236	60 m
10	GRUVÅSEN	NM 633 225	280 m
11	KLOPPTJERN	NM 678 253	260 m
12	DE ELDRES VEG	NM 681 244	110 m
13	PARKEN	NM 674 239	10 m
14	DRAFNKOLLEN	NM 680 215	110 m
15	RISDALSÅSEN	NM 676 199	280 m
16	LIER	NM 708 295	70 m
17	VIVELSTAD	NM 685 262	60 m
18	TANGEN	NM 697 222	50 m
19	EIK	NM 709 189	80 m

### 2.1.2 Undersøkingismetode

For kvar lokalitet vart det notert kartreferanse (UTM), h.o.h., krone-dekning (%), terrenghelning og litt om vegetasjonen.

8 tre vart valt ut tilfeldig blant trea i bestandet (eller ein avgrensa del av bestandet). Trea måtte fylle følgjande krav:

- Treslaget skulle vere vanleg bjørk (Betula pubescens) eller hengjebjørk (B. pendula).
- Treet skulle vere levande.
- Treet skulle vere nokolunde rett (helning på stammen ikke over  $10^{\circ}$ ).
- Omkrinsen ved 60 cm høgde skulle vere minst 40 cm.

Trea vart undersøkt etter ein metode beskrive av Olsson (1982). For kvart tre vart følgjande notert:

- treslag
- treets vitalitet (sjå punkt 2.5)
- høgde (m)
- antal greiner under 160 cm høgde
- stammens helning (grader og retning)
- borkstruktur (tregradig skala, fig. 2)
- førekomst av artar på tre nivå på stammen (sjå under)
- total artsliste for området mellom 80 cm og 160 cm høgde (artar på greiner og kvistar ikke medrekna). Artar der ingen individ var over 1/2 cm i diam. vart ikkje rekna med
- tal individ og samla lengde for strylav (Usnea-artar) og brunskjegg (Bryoria-artar). Individ mindre enn 1 cm vart ikkje rekna med.



Figur 2: Borkstruktur 3 (= svært oppsprukken bork), frå lokalitet 3 Bjørkelund.

Eit målband vart spent medsols rundt stammen, med 0 i nord. Øverkanten av målbandet utgjorde takseringslinja. For kvar art som vart treft av linja, vart cm-intervalla der han fanst notert. Denne linjetakseringa vart gjort på tre nivå: 80 cm, 120 cm og 160 cm høgde frå basis av treet, målt i nord. For Hypogymnia physodes, Platismatia glauca og Parmelia sulcata vart vitaliteten registrert. Frisk og skadd lav av same art vart notert kvar for seg i takseringa og artslista.

## 2.2 ARTSBESTEMMING

Artane er i hovudsak bestemt i felt, men nokre er samla og bestemt inne. Bryoria- og Usnea-artar er berre bestemt til slekt, då ein elles måtte hatt eit nokså omfattande innsamlingsarbeid.

Av skorpelav er berre Lecidea scalaris og Lecanora conizaeoides tatt med, p.g.a. vanskar med artsbestemminga. Norsk namn på lavartane nemnt i rapporten står i vedlegg E.

## 2.3 DATABEHANDLING

Gjennom eit dataprogram ved Universitetet i Lund vart førekomstane rekna om til relativ førekomst (i %) i fire eksponeringsretningar på kvart tre: nord, aust, sør og vest. Dette materialet ligg til grunn for den vidare databehandlinga, som er gjort i Trondheim.

Verdiane for strylav (Usnea) og brunskjegg (Bryoria) er ikkje tatt med i EDB-køyringane, men er behandla manuelt.

Det er rekna ut frekvens og prosentvis dekning for dei ulike artane, og det er gjort utskrift av tabellar (vedlegg A).

Det er utført to TABORD-klassifikasjonar (Persson 1977): ein der kvart enkelt tre er klassifisert på grunnlag av førekomst av dei ulike artane, og ein klassifikasjon av lokalitetane, med gjennomsnittsverdiane for kvar art som variablar.

I lokalitetsklassifikasjonen vart "øvrige artar" også rekna med, dvs. dei artane som fanst på eit tre utan å bli treft av noka takseringslinje. Kvar slik art fekk dekninga 0,01%, som er tredjedelen av den minste verdien ein art treft av ei takseringslinje kunne få.

Både artar og lokalitetar er ordinert ved DCA (detrended correspondence analysis), gjennom programmet DECORANA (Hill 1979).

Begge desse programma finst ved Botanisk institutt, AVH Trondheim (Pedersen 1985).

#### 2.4 pH-ANALYSAR

Under feltarbeidet vart det også samla inn borkprøver frå trea. Prøvene vart tatt av lavfri overflatebork, nokre få mm tjukk, frå kvart av dei undersøkte trea. Prøvene frå alle tre på same lokalitet vart blanda og analysert under eitt. Sidan pH kan variere i ulike delar av treet (Gilbert 1970), vart prøvene konsekvent tatt frå sørsida av trea, og i ca. 150 cm høgde. Prøvene vart oppbevart tørt i papirposar til målingane vart gjort.

pH-målingane er utført av stud. scient. Per Steinar Sommervold, Botanisk institutt, AVH Trondheim. Metoden er beskrive hos Westman (1975): Borkprøvene vart malt til eit fint mjøl, 3 g vart vegd opp og blanda med 20 ml destillert vatn (pH omlag 6), rista i omlag 20 timar og deretter filtrert. pH i ekstraktet vart målt med to desimalar.

#### 2.5 TREAS VITALITET

Det var også ønskeleg å sjå om ein kunne finne forureiningsskadar på sjølve trea. Difor vart vitaliteten notert for dei trea der lavkartlegginga vart utført. Det vart sett etter skadesymptom som nekrose/klorose på bladverket, unormalt bladfall, førekomst av større mengder tørre kvistar og utglisning av krona.

### 3 RESULTAT OG DISKUSJON

#### 3.1 LAVVEGETASJON

Vegetasjonstabellen i vedlegg A gir eit oversyn over lavvegetasjonen på kvart tre som er analysert.

Det er store forskjellar lokalitetane imellom, både når det gjeld antal artar, artssamansetjing og dekning.

Det er gjennomgåande færre artar i dalbotnen og i byområdet enn i dal-sidene (tabell 2). Det er særleg artar som Pseudevernia furfuracea, Platismatia glauca og Hypogymnia tubulosa som forsvinn tidleg. I dei mest sentrale strøka saknar ein også Cetraria pinastri og Parmeliopsis ambigua. Derimot dukkar forureiningsindikatoren Lecanora conizaecoides opp. Denne arten er konkurransesvak men forureiningstolerant, og er difor eit typisk kjenneteikn på forureina strøk. I Noreg er arten berre kjent frå det sentrale austlandet og frå nokre stader på Vestlandet.

Ein annan toxitolerant art, Lecidea scalaris, finst også på ein del av dei meir sentrale lokalitetane. På lokalitet 9 og 12 finst han i store mengder (dekkjer opp til 50% av stammen på enkle tre). Derimot er arten så godt som ikkje registrert på lokalitetane i 300 m høgde. I sentrumsområda hadde trea også ofte ein vesentleg dekning av frittlevande grønalgar, utan at utbreiinga er målt særskilt i denne undersøkinga.

Forskjellane i lavdekning er endå meir markert enn forskjellane i artsantal og artssamansetjing (fig. 3 og tabell 2).


Særleg aukar lavdekninga kraftig i området frå 100 til 300 m o.h. Dette stemmer godt med observasjonane av eit inversjonslokk som ofte blir danna i dalføret, og som iføljje kjentfolk gjerne ligg på ca 150 m o.h. Dette vil kunne medverke til at lavdekninga på lokalitetane 100 m o.h. er så vidt liten.

Det er også ein tendens til at nordsida av dalen har større lavdekning enn sørsida.



Tabell 2: Oversyn over antal artar, prosentvis lavdekning og andelen busk/blandlav kontra skorpelav, for kvar lokalitet. "Skorpelav" er her avgrensa til dei to skorpelavartane som inngår i denne undersøkinga, Lecidea scalaris og Lecanora conizaeoides.

LOKALITET NR.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19
TAL ARTAR	7	3	4	3	6	8	6	5	7	9	8	8	3	5	10	9	10	3	6
% LAVDEKNING (SNITT)	36,9	3,9	1,2	0,2	20,4	47,5	5,4	2,8	26,7	14,0	29,1	10,1	0,7	3,3	20,4	9,6	16,4	0,2	5,2
ANDEL BUSK/BLADLAV	100	100	57	50	100	100	97	99	9	100	100	12	30	99	100	99	97	73	77
ANDEL SKORPELAV	0	0	43	50	0	0	3	1	91	0	0	88	70	1	0	1	3	27	23



Figur 3: Diagram som viser den prosentvise lavdekninga på 19 lokalitetar i Drammensområdet. Mørke søyler viser dekninga av blad- og busklav, lyse søyler står for skorpelavartane Lecidea scalaris og Lecanora conizaeoides. Lokalitetane ligg 5 og 5 langs tre UTM-linjer i retning N-S. I tillegg finst 4 ekstra lokalitetar.

Det er særleg dei store mengdene av vanleg kvistlav, Hypogymnia physodes, som gjer at dei mest avsides lokalitetane får ei så høg samla lavdekning. Denne arten finst på samtlege lokalitetar, men i mykje mindre mengder mot sentrum. Eit typisk trekk her er også at dei enkelte individa er svært små (fig. 4). Dette kan anten tyde på at det



Klynge 2: Lokalitetane 5 Grytjønna, 10 Gruvåsen og 15 Risdalsåsen (alle på 300 m o.h. på sørsida av dalen), samt 16 Lier og 17 Vivelstad (begge i meir landlege omgjevnader nord for byen).

Klynge 3: Lokalitetane 2 Krogstadelva og 7 Aronsløkka (100 m o.h., nordsida), 8 Påløya (i dalbotnen, midt mellom Drammen og Mjøndalen), 14 Drafnkollen (100 m o.h., sørsida) og 19 Eik (sør for byen).

Klynge 4: Lokalitetane 3 Bjørkelund (midt i Mjøndalen), 4 Åsen (100 m o.h., sør for Mjøndalen), 13 Parken og 18 Tangen (begge midt i byen, på kvar si side av elva).

Dei tre første klyngene er alle svært homogene, med middelkoeffisientar for SR (similarity ratio)-verdiane på over 0,8. Klynge 4 er ganske heterogen (middelkoeffisient = 0,40), men til gjengjeld er denne svært ulik dei andre klyngene (mest lik klynge 3 med koeffisient 0,088).

Klassifikasjonen av trea (vedlegg C og tabell 3) gav ei noko annleis inndeling. Her hamna trea med lite lav i restgruppa, klynge 0, medan "Lecidea scalaris-tre" vart til klynge 1. Trea med den rikaste arts-samansetjinga hamna i klynge 3, medan trea karakterisert av Parmeliopsis-artar vart skild ut som klynge 4.

Tabell 3 viser også at innan ein og same lokalitet kan trea vere svært ulike. I lokalitet 19 representerer dei 8 trea heile 4 ulike klynger. Dette viser at det er viktig å ha eit relativt høgt antal tre pr. lokalitet, for å få med heile variasjonen. I presentasjonen elles er det rekna med gjennomsnittsverdiane for kvar lokalitet.

Busklavslektene Bryoria og Usnea inngår ikkje i vegetasjonstabellen og undersøkingane over, då det er vanskeleg å bruke same takseringsmetode for desse artane. I tabell 4 er resultatata for desse slektene oppsummert.

Tabell 3: TABORD-klassifikasjon av 19 lokalitetar og 152 tre i Drammensområdet på grunnlag av førekomst av epifyttisk lav. Terskelverdi 0,10 og fusjonsgrense 0,60 for begge klassifikasjonane.

TABORD/LOK	1			2					3					4				0	
LOKALITET	1	6	11	5	10	15	16	17	2	7	8	14	19	3	4	13	18	9	12
TRE nr. 1	2	3	3	2	3	4	3	3	0	2	2	2	4	2	0	0	0	1	0
TRE nr. 2	3	3	3	4	3	3	3	4	2	4	2	2	4	2	0	0	0	1	2
TRE nr. 3	3	3	2	2	3	3	2	4	3	0	2	2	4	0	0	0	0	1	1
TRE nr. 4	3	3	4	3	0	3	2	4	2	2	2	2	2	0	0	0	0	1	0
TRE nr. 5	3	3	3	3	2	4	3	3	2	2	2	2	2	2	0	0	0	1	1
TRE nr. 6	3	3	2	3	3	4	2	3	2	0	2	2	3	0	0	2	0	1	1
TRE nr. 7	3	3	3	3	2	2	3	2	3	3	2	0	0	2	0	0	0	2	2
TRE nr. 8	3	3	3	3	3	3	3	4	0	2	2	2	0	2	0	2	0	0	2

Tabell 4: Oversyn over samla førekomst av Usnea sp(p). og Bryoria sp(p). på 8 undersøkingstre pr. lokalitet, mellom 80 og 160 cm høgd på stammen. TABORD-gruppeinndelinga er etter lokalitetsklassifikasjonen.

n = antall individ

l = samla lengde

$\bar{x}$  = gjennomsnittleg lengde pr. individ.

TABORD-GRUPPE	1			2					3					4				0		
LOKALITET NR.	1	6	11	5	10	15	16	17	2	7	8	14	19	3	4	13	18	9	12	
Usnea	n	30	1	1	1	7	2	9	2	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0
	l	58	1	1	3	13	3	13	3	1				1						
	$\bar{x}$	1,9	1,0	1,0	3,0	1,9	1,5	1,4	1,5	1,0				1,0						
Bryoria	n	41	24	4	1	12	14	70	3	0	5	0	2	0	3	0	1	0	4	6
	l	103	57	7	2	37	28	144	5		11		2		3		1		10	11
	$\bar{x}$	2,5	2,4	1,8	2,0	3,1	2,0	2,1	1,7		2,2		1,0		1,0		1,0		2,5	1,8

Desse slektene er kjent for å tåle lite forureining, og det bildet er også tydeleg her. Med unntak av lokalitet 2 Krogstadelva, er det ikkje funne Usnea-artar på nokon av lokalitetane frå 100 m o.h. og under. Det er også lite Bryoria, sjølv om det kan finnast enkelte eksemplar på tre med ein del lavdekning elles.


Det viste seg å vere noko vanskeleg å få ut eit ordinasjonsdiagram som gav fleire opplysningar om variasjonen i materialet. I første rekkje gjorde den store førekomsten av Lecidea scalaris på lokalitet 9 og 12 at all annan variasjon vart underlegen. I tillegg til denne dukka også Parmelia saxatilis, skadd Parmelia sulcata og skadd Platismatia glauca opp som "outliers" som måtte fjernast før ein fekk eit diagram med relativt brukbar spreing (vedlegg D og fig. 5).

Lokalitetane plasserer seg meir og mindre langs ein diagonal i diagrammet, med lokalitetane frå TABORD-klynge 4 på dei høgste verdiane langs både akse 1 og akse 2. Såleis ser desse aksane ut til å kunne representere ein forureiningsgradient. Mange lokalitetar får elles svært låge verdjar i akse 1, og det er ikkje så lett å tolke dei grupene som oppstår der. Det er interessant å sjå korleis lokalitet 9 og 12 plasserer seg no når Lecidea scalaris er fjerna frå materialet.

Artsordinasjonen (også vedlegg D) er det vanskelig å få så mykje ut av i og med at fire artar er tatt ut. Det verkar likevel som om akse 1 gjenspeglar toxitoleranse, med Lecanora conizaeoides i eine enden av skalaen og Platismatia glauca og Pseudevernia furfuracea i andre enden.


Lokalitetane i denne undersøkinga er svært ueinsarta med omsyn til vegetasjonstype. Dei varierer frå reine parkar og alléar til hogstområde og ulike skogstypar (fig. 6). Såleis vil dei opne park- og allé-lokalitetane i dei sentrumsnære strøka allereie i utgangspunktet ha dårlegare lokalklima for lavepifyttar. Dette kan likevel ikke forklare dei store forskjellane som her er registrert. Tvert imot viser det seg at lokalitetar i skogsvegetasjon som ligg på omlag 100 m o.h. har ein lavvegetasjon som er meir lik vegetasjonen i sentrumslokalitetane enn den i tilsvarande skog på 300 m o.h.

Det systematiske utvalet av lokalitetar langs UTM-linjene gjorde også sitt til at variasjonane i vegetasjonstype vart større enn dersom ein hadde leitt etter lokalitetar med vegetasjon som meir tilsvarte kvarandre. Såleis var det t.d. svært vanskeleg å finne bjørkebestand langs UTM NM 57 100 m o.h. sør, og dei trea som vart lokalitet 4 Åsen,



Figur 5: DCA (detrended correspondence analysis)-ordinasjon av 19 lokaliteter i Drammensområdet, på grunnlag av forekomst av epifyttisk lav. Akse 1 står for 0,25 og akse 2 for 0,043 av variasjonen i form av eigenverdier.

- a) Utskrift av ordinasjonen. Tala står for lokalitetsnummer.  
 b) Gruppene frå TABORD-klassifikasjonen plassert i ordinasjonsdiagrammet.



Figur 6: Døme på ulike vegetasjonstypar blant lokalitetane.

a) Lokalitet 16 Lier. Ein allè med plen og bilveg.

b) Lokalitet 8 Pålsøya. Ein hagemarkskog med høgvekste gras, urter og bregner.

c)



d)



- c) Lokalitet 2 Krogstadelva. Eit hogstområde i gjengroings-  
fase.
- d) Lokalitet 11 Klopptjern. Ein blandingskog, av blåbær-  
typen, med velutvikla busksjikt.



var heller tvilsomme. Men ved denne meir systematiske utveljinga reduserer ein sjølvstøtt eit subjektivt element i kartlegginga, og med mange lokalitetar vil ein tåle at nokre er utypiske.

På enkelte tre i sentrumsområda vart det registrert skadar på Lecanora conizaeoides og på frittlevande grønalgar som følge av soppangrep (fig. 7). Arvidsson (1979) omtalar fenomenet, og hevdar at denne soppen, Athelia arachnoidea, kan vere ein medverkande årsak til utarming av lavvegetasjonen i byar. I Drammen verkar han likevel vere heller sjeldan, og har nok liten innverknad i denne samanhengen.



Figur 7: Angrep av soppen Athelia arachnoidea (runde, lyse felt) på den frittlevande grønalgen Protococcus virida. Lokalitet 3 Bjørkelund.

### 3.2 pH I BORK

pH-målingane viser at pH i borkprøvene varierer mellom 3,58 og 5,14 (tabell 5). Normalområdet burde vere omlag 3,7-4,4 (jfr. Barkman 1958, Betula 'alba'). Dei fleste målingane ligg innafor dette området, men nokre lokalitetar har vesentleg høgre verdiar.

Tabell 5: Resultat frå pH-målingar av bjørkebork frå 19 lokalitetar i Drammensområdet, inndelt i grupper etter TABORD-klassifisjonen av lavvegetasjonen.

TABORD-GR.	1			2					3					4				0	
LOK. NR.	1	6	11	5	10	15	16	17	2	7	8	14	19	3	4	13	18	9	12
pH	4,21	3,66	3,62	3,84	4,16	4,37	4,64	4,86	4,17	4,04	3,58	4,34	4,98	4,38	3,80	4,16	5,14	4,19	3,67
pH MIDDEL	3,76			4,23					4,02					4,16				3,86	

Tilsvarende forureiningsundersøkingar viser gjerne at pH i borken er lågast i områda med størst forureining og minst epifyttisk lav (t.d. Bruteig 1984). Det motsette er nærmast tilfelle her: ein får unormalt høge pH-verdiar for landbruksområda 16 Lier, 17 Vivelstad og 19 Eik, samt for 18 Tangen, midt i Drammen. Dette må truleg skrive seg frå ein gjødslingseffekt.

### 3.3 TREAS VITALITET

Svært få av prøvetakingstrea hadde synlege teikn på redusert vitalitet (tabell 6). Det var heller ingen teikn til at fleire tre i sentrumsområda hadde redusert vitalitet i høve til dei avsidesliggande områda. Det er såleis etter dette ikkje påvist ytre skadar på bjørk i Drammensområdet som følge av luftforureining.

Tabell 6: Antal bjørketre med redusert vitalitet, av 8 tre pr. lokalitet, på 19 lokaliteter i Drammensområdet.

LOKALITET NR.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19
Tre med red. vitalitet	1	1	0	0	0	2	0	1	0	1	1	1	0	0	0	1	0	0	0

#### 4 REFERANSELISTE

- Arvidsson, L. (1979) Svampangrepp på lavar - en orsak til lavøken. Svensk Bot. Tidskr., 72, 285-292.
- Barkman, J.J. (1958) Phytosociology and ecology of cryptogamic epiphytes. Assen.
- Bruteig, I.E. (1984) Epifyttisk lav som indikator på luftforureining i Aust-Finnmark. Hovudfagsoppgåve, Univ. i Trondheim. 126 s.
- Ferry, B.W., M.S. Baddeley & D.L. Hawksworth (eds.). (1973) Air pollution and lichens. London. The Athlone Press, 389 s.
- Gilbert, O.L. (1970) Further studies on the effect of sulphur dioxide on lichens and bryophytes. New Phytol., 69, 605-627.
- Hill, M.O. (1979) DECORANA. A FORTRAN program for detrended correspondence analysis and reciprocal averaging. Cornell university, Ithaca, New York. 52 s.
- Olsson, K. (1982) Fältinstruksjon for overvakning av trådlavar i rerensområdet. Statens Naturvårdsverk, PMK-vegetation. Stensil. 5 s.
- Pedersen, B. (1985) Numerisk analyse av vegetasjonsdata. Veileding i bruk av EDB-baserte metoder på VAX-anlegget ved AVH. Trondheim, Botanisk institutt, AVH, 64 s.
- Persson, S. (1977) Datorprogram för bearbetning av vegetationsdata. 1. Klassifikationsprogram - dokumentation och handhavande. Meddn Avd. Ekol. Bot., Lunds Univ., 33, 1-68.
- Skye, E. (1968) Lichens and air pollution. Acta Phytogeogr. Suec. 52.

Westman, L. (1975) Air pollution and vegetation around a sulphite mill at Ornsköldsvik, North Sweden. Wahlenbergia, 2, 1-146.

Westman, L. (1982) Användning av lavar i kontrollprogram för punktkällor som släpper ut svavel, fluor och metall. Naturvårdsverket Rapport snv pm 1556: 1-78.

# VEDLEGG A

## VEGETASJONSTABELL

Verdiane i rute 1 - 4 er prosentvis dekning av arten i ulike sektorar på trestammen:

1 = nord

2 = aust

3 = sør

4 = vest

F = frekvens, dvs. antal prosent av rutene arten er registrert i

C = karakteristisk dekning, dvs. summen av dekningsverdiane dividert på antal ruter arten er registrert i

M = gjennomsnittleg dekning, dvs. summen av dekningsverdiane dividert med antal ruter, altså 4

Arter som er registrert på stammen utan å vere treft av takseringslinjene, er markert med ★.

NB! I "tal artar" er skadd lav (SK.) rekna med som eigne "artar".



LOKALITET 1 - LAMPETJERN

TRE 1  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	12	.	9	.	50	11	5.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 1+2

TRE 2  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	61	54	47	20	100	46	45.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	.	3	25	3	0.8
HYPOGYMNA TUBULOSA	.	3	3	6	75	4	3.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+2

TRE 3  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	75	66	26	59	100	57	56.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	7	.	25	7	1.8
HYPOGYMNA TUBULOSA	.	7	.	7	50	7	3.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+2

TRE 4  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	37	24	48	52	100	40	40.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	17	4	7	.	75	9	7.0
PSEUDEVERNIA FURFURACEA	.	.	3	.	25	3	0.8
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
CETRAWIA CHLOROPHYLLA							*
PLATISMATIA GLAUCA							*
PARMELIA SULCATA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+4

TRE 5  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	33	31	7	5	100	19	19.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	.	7	25	7	1.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	3	3	.	50	3	1.5
PLATISMATIA GLAUCA	17	.	.	20	50	19	9.3
PARMELIA SULCATA	.	3	10	7	75	7	5.0
SK. PARMELIA SULCATA	.	.	23	3	50	13	6.5
HYPOGYMNA TUBULOSA							*
SK. PLATISMATIA GLAUCA							*

TAL ARTAR I ALT: 6+2

TRE 6  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	16	3	11	19	100	12	12.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	.	3	25	3	0.8
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	.	3	25	3	0.8
PLATISMATIA GLAUCA	11	.	.	.	25	11	2.8
PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*

TAL ARTAR I ALT: 4+1

## TRE 7

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	30	20	36	20	100	29	28.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	3	.	25	3	0.8
HYPOGYMNA TUBULOSA	.	5	.	.	25	5	1.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	5	10	0	75	8	5.8

TAL ARTAR I ALT: 4+0

## TRE 8

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	16	35	6	15	100	18	17.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	12	.	25	12	3.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	3	7	6	9	100	6	6.3
PARMELIA SULCATA	3	.	10	15	75	4	6.5
HYPOGYMNA TUBULOSA							*
SK. PARMELIA SULCATA							*

TAL ARTAR I ALT: 4+2

## LOKALITET 2 - KROGSTADELVA

## TRE 1

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 0+1

## TRE 2

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	2	.	.	25	2	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	2	.	25	2	0.5

TAL ARTAR I ALT: 2+0

## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	36	4	2	19	100	15	15.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 1+2

## TRE 4

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	5	.	.	25	5	1.3

TAL ARTAR I ALT: 1+0

## TRE 5

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	5	.	.	2	50	4	1.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 1+1

## TRE 6

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	3	5	2	75	4	2.8
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 1+1

## TRE 7

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	17	5	5	7	100	9	8.5
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 1+1



TRE 0  
-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

LOKALITET 5 - BJÖRKFELUND

TRE 1  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES  
PSEUDEVERNIA FURFURACEA  
LECANORA CONIZAEOIDES

1	2	3	4	F	C	M
2	2	.	.	50	2	1.0
.	1	.	.	25	1	0.3
						*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

TRE 2  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
1	1	.	.	50	1	0.5

TAL ARTAR I ALT: 1+0

TRE 3  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
						*

TAL ARTAR I ALT: 0+1

TRE 4  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES  
LECANORA CONIZAEOIDES  
CETRARTA CHLOROPHYLLA

1	2	3	4	F	C	M
.	.	1	.	25	1	0.3
.	.	.	1	25	1	0.3
						*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

TRE 5  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES  
LECANORA CONIZAEOIDES  
SK. HYPOGYMNA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
.	.	.	2	25	2	0.5
6	9	.	.	50	8	3.8
						*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

TRE 6  
-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

TRE 7  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES  
SK. HYPOGYMNA PHYSODES  
PSEUDEVERNIA FURFURACEA  
LECANORA CONIZAEOIDES

1	2	3	4	F	C	M
2	.	1	.	50	2	0.8
.	.	.	1	25	1	0.3
						*
						*

TAL ARTAR I ALT: 2+2

TRE 8  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES  
SK. HYPOGYMNA PHYSODES  
PSEUDEVERNIA FURFURACEA  
LECANORA CONIZAEOIDES

1	2	3	4	F	C	M
5	2	.	.	50	4	1.2
						*
						*
						*

TAL ARTAR I ALT: 1+3

## LOKALITET 4 - ESE

TRE 1  
-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

TRE 2  
-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

TRE 3  
-----PARMELIOPSIS AMBIGUA  
HYPOGYMNA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
						*
						*

TAL ARTAR I ALT: 0+2

TRE 4  
-----

HYPOGYMNA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
						*
						*

TAL ARTAR I ALT: 0+1

TRE 5  
-----LECANORA COLIZAEICIDES  
PARMELIOPSIS AMBIGUA  
HYPOGYMNA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
.	3	.	.	25	3	0.8
						*
						*

TAL ARTAR I ALT: 1+2

TRE 6  
-----HYPOGYMNA PHYSODES  
PARMELIOPSIS AMBIGUA

1	2	3	4	F	C	M
1	.	.	.	25	1	0.3
						*

TAL ARTAR I ALT: 1+1

TRE 7  
-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

TRE 8  
-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

## LOKALITET 5 - GRYTJONNA

TRE 1  
-----HYPOGYMNA PHYSODES  
PARMELIOPSIS AMBIGUA  
SK. HYPOGYMNA PHYSODES  
CETRARIA PINASTRI

1	2	3	4	F	C	M
.	.	2	.	25	2	0.5
.	2	.	.	25	2	0.5
						*
						*

TAL ARTAR I ALT: 2+2

TRE 2  
-----HYPOGYMNA PHYSODES  
PARMELIOPSIS AMBIGUA  
HYPOGYMNA TUBULOSA

1	2	3	4	F	C	M
5	5	.	5	75	3	2.5
.	10	.	2	50	6	3.0
						*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	2	3	2	.	75	2	1.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	2	.	25	2	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	2	.	25	2	0.5
CETRARIA PINASTRI							*
PARMELIOPSIS HYPEROPTA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+2

## TRE 4

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	47	42	10	28	100	32	31.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	4	.	.	25	4	1.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	6	5	3	5	100	5	4.8
PLATISMATIA GLAUCA	.	1	.	.	25	1	0.3

TAL ARTAR I ALT: 4+0

## TRE 5

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	19	7	.	26	75	17	13.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	4	9	4	75	6	4.3
PARMELIOPSIS HYPEROPTA							*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

## TRE 6

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	18	34	5	26	100	21	20.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	9	.	.	25	9	2.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	2	.	25	2	0.5
HYPOGYMNA TUBULOSA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+1

## TRE 7

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	36	11	29	23	100	25	24.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	6	.	.	25	6	1.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	3	.	.	25	3	0.8
HYPOGYMNA TUBULOSA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+1

## TRE 8

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	56	66	38	13	100	45	44.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	2	.	2	.	50	2	1.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	4	.	25	4	1.0

TAL ARTAR I ALT: 3+0

## LOKALITET 6 - KJØSTERUDGJUVET

## TRE 1

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	54	82	31	61	100	57	57.0
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	4	.	6	.	50	5	2.5
PSEUDOPHYCIA FURFURACEA	.	2	.	.	25	2	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	.	2	25	2	0.5
PLATISMATIA GLAUCA	23	4	.	7	75	11	8.5
SK. PLATISMATIA GLAUCA							*

TAL ARTAR I ALT: 5+1

## TRE 2

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	71	39	36	27	100	43	43.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	5	5	.	7	75	6	4.3
PSEUDEVERNIA FURFURACEA	5	17	5	.	75	9	6.8
PLATISMATIA GLAUCA	2	5	.	2	75	3	2.3
PARMELIOPSIS HYPEROPTA	.	.	2	.	25	2	(1.5
CETRARIA CHLOROPHYLLA							*
SK. PLATISMATIA GLAUCA							*

TAL ARTAR I ALT: 5+2

## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	63	71	51	55	100	60	50.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	2	2	2	.	75	2	1.5
PSEUDEVERNIA FURFURACEA	4	2	4	.	75	3	2.5
PLATISMATIA GLAUCA	.	2	.	.	25	2	(1.5

TAL ARTAR I ALT: 4+0

## TRE 4

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	50	68	45	34	100	51	50.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	3	.	.	3	50	3	1.5
PSEUDEVERNIA FURFURACEA	2	10	5	5	100	6	6.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	2	.	25	2	(1.5
PLATISMATIA GLAUCA	.	.	.	3	25	3	(1.5
HYPOGYMNA TUBULOSA							*

TAL ARTAR I ALT: 5+1

## TRE 5

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	82	73	.	13	75	39	29.5
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	5	.	.	25	5	1.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*
SK. PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*
PLATISMATIA GLAUCA							*
SK. PLATISMATIA GLAUCA							*
HYPOGYMNA TUBULOSA							*

TAL ARTAR I ALT: 2+6

## TRE 6

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	31	22	11	60	100	31	31.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	.	3	25	3	0.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

## TRE 7

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	43	20	3	17	100	21	20.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	3	.	25	3	0.8
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	3	.	.	25	3	0.8
PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+1

## TRE 8

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	74	41	11	25	100	38	37.8
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	.	12	25	12	3.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	6	2	.	50	7	3.5
PSEUDEVERNIA FURFURACEA							*
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 3+2

## LOKALITET 7 - ARONSI BKLA

## TRE 1

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	3	.	.	25	3	0.3
LECANORA CONIZAEOIDES	1	3	1	.	75	2	1.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*

TAL ARTAR I ALT: 2+1

## TRE 2

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	1	7	1	75	3	2.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	2	.	25	2	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	1	10	4	3	100	5	4.5
CETRARIA PINASTRI							*
LECANORA CONIZAEOIDES							*

TAL ARTAR I ALT: 3+2

## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	1	.	.	25	1	0.3

TAL ARTAR I ALT: 1+0

## TRE 4

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	10	4	.	10	75	8	6.0
PSEUDEVERNIA FURFURACEA	.	1	.	.	25	1	0.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
HYPOGYMNA TUBULOSA							*
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*
LECANORA CONIZAEOIDES							*

TAL ARTAR I ALT: 2+4

## TRE 5

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	8	2	.	.	50	5	2.5

TAL ARTAR I ALT: 1+0

## TRE 6

-----

	1	2	3	4	F	C	M
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
HYPOGYMNA PHYSODES							*
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 0+3

## TRE 7

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	32	10	.	15	75	19	14.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	5	.	.	1	50	3	1.5
HYPOGYMNA TUBULOSA	.	.	.	1	25	1	0.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	3	10	.	50	7	3.3
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 4+1

## TRE 8

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	16	.	.	4	50	10	5.0
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 1+1

## LOKALITET 8 - PELSØYA

## TRE 1

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES  
SK. HYPOGYMNIJA PHYSODES  
LECANORA CONIZAEQIDES

1	2	3	4	F	C	M
8	1	.	1	75	3	2.5
2	.	.	.	25	2	0.5

TAL ARTAR I ALT: 2+1

## TRE 2

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES  
LECANORA CONIZAEQIDES

1	2	3	4	F	C	M
2	.	2	4	75	3	2.0

TAL ARTAR I ALT: 1+1

## TRE 3

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
2	3	.	1	75	2	1.5

TAL ARTAR I ALT: 1+0

## TRE 4

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES

1	2	3	4	F	C	M
.	0	.	.	25	9	2.3

TAL ARTAR I ALT: 1+0

## TRE 5

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES  
CETRARIA CHLOROPHYLLA  
CETRARIA PINASTRI

1	2	3	4	F	C	M
3	4	6	5	100	4	4.0

TAL ARTAR I ALT: 1+2

## TRE 6

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES  
CETRARIA PINASTRI  
LECANORA CONIZAEQIDES

1	2	3	4	F	C	M
7	10	1	1	100	5	4.8

TAL ARTAR I ALT: 1+2

## TRE 7

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES  
CETRARIA CHLOROPHYLLA  
LECANORA CONIZAEQIDES

1	2	3	4	F	C	M
2	6	.	.	50	4	2.0

TAL ARTAR I ALT: 1+2

## TRE 8

-----

HYPOGYMNIJA PHYSODES  
PARMELIOPSIS AMBIGUA  
CETRARIA PINASTRI

1	2	3	4	F	C	M
8	1	.	.	50	5	2.3

TAL ARTAR I ALT: 1+2

LOKALITET 9 - POKERUD

TRE 1  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	.	2	50	4	2.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	1	.	.	.	25	1	0.3
PLATISMATIA GLAUCA	1	.	.	.	25	1	0.3
LECIDEA SCALARIS	.	28	5	20	75	18	13.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 4+1

TRE 2  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	.	1	25	1	0.3
LECIDEA SCALARIS	4	4	79	90	100	44	44.3

TAL ARTAR I ALT: 2+0

TRE 3  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	1	1	50	1	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	1	1	1	10	100	3	3.3
LECIDEA SCALARIS	66	2	31	86	100	46	46.3
SK. HYPOGYMNA PHYSODES							*

TAL ARTAR I ALT: 3+1

TRE 4  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	7	3	2	.	75	4	3.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	1	5	3	.	75	3	2.3
LECIDEA SCALARIS	.	9	33	3	75	15	11.3
CETRARIA PINASTRI							*
CETRARIA CHLOROPHYLLA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+2

TRE 5  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	.	1	.	25	1	0.3
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	1	1	2	75	1	1.0
LECIDEA SCALARIS	32	9	62	86	100	47	47.3

TAL ARTAR I ALT: 3+0

TRE 6  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	11	2	.	1	75	5	3.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	1	1	.	50	1	0.5
LECIDEA SCALARIS	55	30	.	33	75	39	29.5

TAL ARTAR I ALT: 3+0

TRE 7  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	2	1	.	50	2	0.8
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	1	.	2	50	2	0.8
LECANDRA CONIZAEOIDES	.	.	.	1	25	1	0.3
LECIDEA SCALARIS	.	1	4	6	75	4	2.8

TAL ARTAR I ALT: 4+0

TRE 8  
-----

	1	2	3	4	F	C	M
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*

TAL ARTAR I ALT: 0+1

## LOKALITET 10 - GROVESEN

## TRE 1

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	70	37	7	33	100	39	39.0
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	2	5	3	3	100	3	3.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	2	3	.	.	50	3	1.5
CETRARIA PINASTRI							*
PLATISMATIA GLAUCA							*
HYPOGYMNA TUBULOSA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+5

## TRE 2

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	17	14	12	5	100	12	12.0
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	.	1	1	.	50	1	0.5
LECANORA CONIZAEOIDES	.	1	.	.	25	1	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
PARMELIA SULCATA							*
SK. PARMELIA SULCATA							*
CETRARIA PINASTRI							*
PLATISMATIA GLAUCA							*

TAL ARTAR I ALT: 3+5

## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	34	.	16	26	75	25	19.0
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	2	.	1	1	75	1	1.0
HYPOGYMNA TUBULOSA	1	.	.	.	25	1	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	1	1	50	1	0.5
PARMELIA SULCATA	.	.	9	14	50	12	5.8
SK. PARMELIA SULCATA	.	.	.	3	25	3	0.8
CETRARIA PINASTRI							*
PLATISMATIA GLAUCA							*
PARMELIA EXASPERATULA							*
LECIDEA SCALARIS							*

TAL ARTAR I ALT: 6+4

## TRE 4

-----

TAL ARTAR I ALT: 0+0

## TRE 5

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	.	2	.	.	25	2	0.5

TAL ARTAR I ALT: 1+0

## TRE 6

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	27	12	2	4	100	13	13.0
SK. HYPOGYMNA PHYSODES	2	.	.	.	25	2	0.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	3	.	.	2	50	3	1.3
CETRARIA PINASTRI	2	.	.	.	25	2	0.5

TAL ARTAR I ALT: 4+0

## TRE 7

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNA PHYSODES	2	.	.	4	50	3	1.5

TAL ARTAR I ALT: 1+0



## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNNIA PHYSODES	31	4	.	2	75	12	9.3
SK. HYPOGYMNNIA PHYSODES	2	.	.	.	25	2	0.5
CETRARIA PINASTRI							*
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*

TAL ARTAR I ALT: 2+2

## LOKALITET 11 - KLOPPTJERN

## TRE 1

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNNIA PHYSODES	31	64	58	23	100	44	44.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA							*
SK. HYPOGYMNNIA PHYSODES							*
HYPOGYMNNIA TUBULOSA							*
CETRARIA PINASTRI							*

TAL ARTAR I ALT: 1+4

## TRE 2

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNNIA PHYSODES	28	32	49	56	100	41	41.3
SK. HYPOGYMNNIA PHYSODES	4	3	1	8	100	4	4.0
PARMELIOPSIS AMBIGUA	1	.	11	2	75	5	3.5
PARMELIA SULCATA	6	.	15	.	50	11	5.3
PARMELIOPSIS HYPEROPTA	4	3	.	.	50	4	1.8
CETRARIA PINASTRI	.	1	.	.	25	1	0.3
HYPOGYMNNIA TUBULOSA							*
SK. PARMELIA SULCATA							*
LECIDEA SCALARIS							*

TAL ARTAR I ALT: 6+3

## TRE 3

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNNIA PHYSODES	.	.	6	4	50	5	2.5
PARMELIOPSIS AMBIGUA	.	.	.	2	25	2	0.5

TAL ARTAR I ALT: 2+0

## TRE 4

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNNIA PHYSODES	3	4	.	1	75	3	2.0
SK. HYPOGYMNNIA PHYSODES	.	7	.	.	25	7	1.8
PARMELIOPSIS AMBIGUA	5	13	4	5	100	7	6.8
PARMELIOPSIS HYPEROPTA	1	1	4	.	75	2	1.5

TAL ARTAR I ALT: 4+0

## TRE 5

-----

	1	2	3	4	F	C	M
HYPOGYMNNIA PHYSODES	29	15	7	15	100	17	16.5
SK. HYPOGYMNNIA PHYSODES	1	2	1	1	100	1	1.3
PSEUDEVERNIA FURFURACEA	.	.	1	.	25	1	0.3
